

Høringsvar til «Høring om Justering av hovedgudstjenesten og alminnelige bestemmelser»

*Det er ikkje ein god ide å stramme inn hovudgudstenesta slik denne høringa foreslår. Meir, ikkje mindre, bør overlatast til sokneråda og til den presten som leiar den aktuelle gudstenesta. Det stemmer kanskje at pendelen har svingt for langt tidlegare og at ein har blitt overvelta av valgfridom og lokale forskjellar. Men pendelen må ikkje no svinge for langt andre vegen, slik at vi ender opp med ei hovudgudsteneste som ikkje er fleksibel nok. Om Den norske kyrkje skal kunne tilpasse seg lokale forskjellar, ulike målgrupper og ein anna økonomisk situasjon, så bør ein ikkje ta vekk valfridom på lokalt plan. I staden bør ein vise tillit til den lokale kyrkjelyden og den lokale leiinga.*

### **Spørsmål 1**

1a Bønnevandring har vore ei velkommen endring. Alle gudstenester har blitt forma slik at dei passer for familier og vi har søndagskule kvar gong.

1c. Høringsdokumentet spør om preika har vorte nedprioritert dei siste åra og påpeiker at berre 36% opplever gudstenesta som trusstyrkande i Borg bispedømme.<sup>1</sup> Ja, preika bør prioriterast og ein bør «rydde rom» i ordninga for hovudgudstenesta til at den kan vere sentral. For mange ulike element før og etter preika kan bli for mykje av det gode og slik trekke frå forkynnelsen den søndagen.

1d. Vi trenger fleksibilitet for å kunne møte ulike økonomiske situasjoner (lekgudstener?) og for å nå ulike aldersgrupper (til dømes dei mellom 20-30år)

### **Spørsmål 2**

*«Mener dere at det er behov for å justere eller presisere noe ved prosedyren for hvordan menighetens lokale grunnordning utarbeides og vedtas (jf. Alminnelige bestemmelser)? Hva bør endres?»*

Ja, meir myndigkeit bør leggast på lokalt plan. Biskopen bør kunne tillate at ein fravik frå den gjeldande ordninga og den forettande presten bør i visse tilfelle kunne fravike utan å søke biskopen.

### **Spørsmål 3**

---

<sup>1</sup> [https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2018/horinger-i-kirkeradets-regi-hoering\\_2018\\_justering\\_hovedgudstjenesten\\_og\\_alminnelige\\_bestemmelser\\_hoeringsdokumentet.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2018/horinger-i-kirkeradets-regi-hoering_2018_justering_hovedgudstjenesten_og_alminnelige_bestemmelser_hoeringsdokumentet.pdf)  
Side 9.

3e «*Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?*»

Ja. Det er ein god ide å gjere samlingsbøna valgfri.

3f «*Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbekjennelse i høringsforslaget?*»

Synda vår er først og fremst noko som påvirker forholdet vårt til Gud (I Salme 51:6 seier David at «Mot deg åleine har eg synda.» Sjølv om han openbart synda mot Batseba og Urias osb.) Og sjølv om synda vår også påvirker kvarandre er det difor rett å ha eit alternativ D som foreslått her.

3i Nei, dagens bøn bør ikkje vere obligatorisk. Om bøna er god og fungerer godt vil den bli brukt, om den ikkje fungerer bør ein kunne velge den vekk. Ein bør også ta hensyn til at nokre gudstenester må kortast ned for å spare tid, då bør heller slike ledd vike enn t.d. preika eller nattverden.

3j (3g og 3h) Verken Kyrie eller Gloria bør vere obligatorisk i alle gudstenester. Ropet om nåde kan av og til få tydelegare uttrykk gjennom ein salme eller ei felles bøn. Det er ikkje openbart at folk forstår betydninga av kyrie eller at den har den ønska effekta i alle menigheter.

#### ***Spørsmål 4***

Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

4c Halleluja bør vere eit frivillig ledd og det bør kunne plasserast både før første lesing og før preiketeksta. Om preiketeksta er frå det gamle testamentet eller epistlane, bør ein framleik synge omkvedet slik ein bruker. Dette er for å gjere det tydeleg at heile bibelen er Guds ord og at vi som menighet tek i mot dette.

#### **4d: Ledd 13 Preken**

Det er svært problematisk om ordet «normalt» utgår i frå setninga «*Predikanten preker normalt over evangelieteksten,*» slik det blir foreslått. Dette er pastoralt uansvarlig. For eksempel kan ein tenke seg tider med akutt sorg, heftig debatt eller stor glede, der ei anna bibeltekst enn evangelieteksta kjem til live og blir den sjølvsagte teksta for kyrkjelyden den søndagen.

Ein bør også sjå til andre kyrkjesamfunn og til kyrkjhistoria der ein til tider har forknyt bok for bok og gjennom ei tid gitt kyrkjelyden ei samla forståing for den boka. Dette opner også for at bibelgrupper og bønegrupper lettare kan samkjøre seg med forkynnelsen på søndagen. Openberringstida vil vere velegna til slike prosjekt.

Det er kritikkverdig at denne endringa ikkje vert gjort synleg i høringsdokumentet, om då det ikkje berre er eg som ikkje finn det.

#### 4 i: Ledd 17 Forbønn

Ein bør absolutt ikkje ta vekk moglegheita for bønevandring under nattverden. Ein grunn til dette er at ein i nokre kyrkjelydar kan føle at andre analyserer kven som går og ikkje går til nattverd. Kanskje vil ein gå til nattverd for første gang uten å måtte svare for dette etterpå. I slike tilfeller er bønevandringa under nattverden genial. Det skaper ein uoversiktleg situasjon der nokon tenner lys, medan andre skriv bønelappar, medan enno andre går til nattverden. Fleire nattverdsstasjonar vil også fremme denne effekta.

Ein annan grunn kan vere at nokre kyrkjerom innbyr til bønevandring under nattverden. Og om «enkeltpersonar velger å tenne lys, meditere og be»<sup>2</sup> slik de nemner i høringsdokumentet, då er det vanskeleg å sjå at ein ikkje skal kunne legge til rette for dette.

#### 5c

Om ein skal gjere denne endringa bør ein vere varsam med at det ikkje kan misforståast som ei betaling for nattverden eller ei verdigheitskrav.

#### Spørsmål 6:

Det er bra med eit alternativ som er kortere, slik som bøn G.

Simen E. N. Myklebust - Sokneprest i Sykkylven

Erlend Lunde - Sokneprest i Ikornnes

---

<sup>2</sup> Side 17